

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **09.06.2009** Tid: **13.00**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
20/09	09/347	Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger
21/09	09/332	Søknad om oppreisning
22/09	08/725	Gjennomgang av tenesteproduksjonen i Leikanger kommune
23/09	09/331	Årsmelding kontrollutvalet 2008
24/09	09/289	Rekneskapen - 2008
25/09	09/40	Årsmelding2008 for Leikanger kommune

20/09

Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger

Representanten Jarle Bøyum (V) ba om vurdering av sin habilitet og meinte seg ugild i saka på grunn av eigarinteresser i samband med utbyggingssaka.

Kommunestyret godtok dette.

Som vararepresentant i denne saka møtte Susan Husabø (V)

Representanten Liv Bulling søkte permisjon frå kl. 15.30. Kommunestyret godkjende dette

HANDSAMING:

Representanten Arild Fossøy (A) gjorde framlegg om nytt punkt 3a og 3b. i tilrådinga.

Representanten Tobias Dahle (A) gjorde framlegg om endring i punkt 3b i tilrådinga

Representanten Steinar Fredheim (H) gjorde framlegg om tillegg til 3c og 3d i tilrådinga.

Representanten Jan Sigurd Haugen (SV) gjorde framlegg om endring i punkt 3d i tilrådinga.

Representanten Astri Taklo (V) gjorde framlegg om tillegg i punkt 3d og 3g i tilrådinga

Representanten Tobias Dahle (A) gjorde framlegg om å utsetja handsaminga av utbyggingssavtalen.

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget:

Vedtak:

Framlegget om utsetjing fall med 10 mot 7 røyster

Representanten Liv Bulling forlot møtet. Kommunestyret vart sett med 16 repr.

Representanten Jan Sigurd Haugen (SV) gjorde framlegg om nytt punkt 1 i tilrådinga

Innhaldet i framlegga / endringsframlegga er attgjevne nedanfor samband med avrøystinga.

Avrøysting:

Det vart først røysta punktvis over hovudpunkt 3 i tilrådinga slik:

Punkta 3a, b, c,d og g

Punkt 3a

Tilrådinga sett opp mot framlegget frå repr. Arild Fossøy (A)

Vedtak:

Framlegget frå representanten Arild Fossøy vart samrøystes vedteke.

Punkt 3a lyder då slik:

Det er eit klårt og ufråvikeleg vilkår at Leikanger kommune har ei godkjent og trygg drikevassforsyning både før anleggsstart, under anleggsperioden og etter at utbygginga er ferdig. Utbygger må bera alle kostnader med planlegging og utbygging av ny drikevasskjelde samt bygging av leidningsnett ned til eksisterande reinseanlegg. Utbygger må og ta driftskostnadene med eventuelle ekstra reinsetiltak som fylgje av utbygginga.

Det skal utgreiast 3 alternative vassforsyningskjelder, 1) djupvassinntak i Trastadalsvatnet, 2) vassinntak på kote 600 frå elvane Trastadøla, Friksdøla og Myrdøla og 3) grunnvassinntak ved eksisterande vassinntak på kote 130. Dei 3 alternativa skal utgreiast med omsyn til både naturinngrep, økonomi og sikker vassforsyning. Alle alternativa må dokumenterast som ei tilfredsstillande drikevassløysing og skal leggjast fram for Leikanger kommune og Mattilsynet og eventuelle andre offentlege instansar for fagleg godkjenning.

Alle dei alternative drikevasskjeldene forutset både kvantitativt og kvalitativt nok og godt drikevatt gjennom ein prøvetakingsperiode som skal godkjennast av Mattilsynet. Oppstart av anleggsdrift/ utbygging kan ikkje skje før ei ny drikevasskjelde er på plass. Eventuelle seinare endringar i kapasitet og/eller kvalitet på vatnet/grunnvatnet, vil Sognekraft AS vere ansvarleg for gjennomføring av alle nødvendige avbøtande tiltak i levetida til kraftverket.

Dersom utbygging av Leikanger kraftverk elles påverkar vasskvaliteten og ei sikker og tilfredsstillande drikevassforsyning, pliktar Sognekraft AS å gjennomføra avbøtande tiltak i heile kraftverket si levetid.

Punkt 3b

Tilrådinga vart sett opp mot fylgjande framlegg frå repr. Tobias Dahle (A):

Det må setjast krav til minimumsvassføring tilsvarande 5% persentilen i sommarhalvåret i Henjaelvi slik at ein sikrar utøving av fiske for ålmenta. Det må setjast opp målestasjonar som gjer det mogeleg for ålmenta å sikre at krava tilminstevassføring vert etterlevd. Utbygger skal påleggast å setje ut fisk i Henjaelva som avbøtande tiltak. Utbygger får også ansvaret for sikring av fiskebestanden i Trastadalsvatnet.

Vedtak:

Framlegget frå representanten Tobias Dahle vart vedteke med 14 mot 2 røyster.

Punkt 3c

Tilrådinga vart sett opp mot framlegget frå repr. Steinar Fredheim (H) om fylgjande tillegg til punkt 3c:

Sognekraft har ansvar for årleg ettersyn og vedlikehald av dei ulike avbøtande tiltaka som blir gjennomført.

Vedtak:

Framlegget frå representanten Steinar Fredheim vart samrøystes vedteke.

Etter dette lyder punkt 3c slik:

Det må setjast krav om bygging av tersklar i Henjaelvi på dei flate partia ved Fivelhola/Flya og andre delar av elva der terrenget gjev effekt av tiltaket samt gjerast avbøtande tiltak i den nedre delen for å sikre eit størst mogeleg vasspegel gjennom sentrum. Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune. Sognekraft har ansvar for årleg ettersyn og vedlikehald av dei ulike avbøtande tiltaka som blir gjennomført

Punkt 3d

Det vart røysta over fylgjande framlegg frå representanten Jan Sigurd Haugen (SV):

Bytte ut siste setning med følgende: Alle vegar som vert bygd i samband med utbygginga, men som ikkje er naudsynt for vedlikehald av Leikanger kraftverk, skal førast tilbake til naturtilstand. Vidare skal alle andre vegar vere stengt med bom slik at det ikkje er mogeleg å ferdast med motorisert køyretøy for anna enn autorisert personell.

Vedtak:

Framlegget fall med 13 mot 3 røyster.

Det vart så røysta over framlegget frå representanten Astri Taklo om fylgjande tillegg i punkt 3d i tilrådinga: Vegane skal ikkje asfalterast.

Vedtak:

Framlegget vart vedteke med 13 mot 3 røyster

Det vart røysta over framlegget frå representanten Steinar Fredheim (H) om fylgjande tillegg til punkt 3d i tilrådinga:

Sognekraft har ansvar for naudsynt vedlikehald av vegane

Vedtak:Framlegget frå representanten Steinar Fredheim vart samrøystes vedteken.

Etter dette lyder punkt 3d slik:

Utbetring av eksisterande og bygging av nye vegar må skje så skånsomt som mogeleg og med moderate masseflyttingar. Sårskader i terrenget skal reparerast. Vegane skal vera opne for ålmenta etter at utbygginga er ferdig så langt det ikkje er fastlagt særskilte klausuleringar som stenger for almen ferdsel. Vegane skal ikkje asfalterast. Sognekraft har ansvar for naudsynt vedlikehald av vegane.

Punkt 3g

Det vart røysta over framlegget frå representanten. Astri Taklo (V) om fylgjande tillegg til punkt 3g:

Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune.

Vedtak:

Framlegget frå representanten Astri Taklo vart samrøystes vedteke.

Etter dette lyder punkt 3g slik:

Det må setjast særlege krav til plassering av tippmassane og arrondering av desse etter utbygging. Massedeponia i Henjadalen og Grindsdalen må såast til og bli liggande urørde i framtida. Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune.

Det vart så røysta over punkt 2 i tilrådinga

Vedtak:

Tilrådinga vart vedteken med 11 mot 5 røyster

Det vart så røysta over punkt 1 i tilrådinga

Tilrådinga vart sett opp mot fylgjande framlegg frå repr. Jan Sigurd Haugen (SV):
Leikanger kommunestyre vil frårå at Sognekraft AS får konsesjon for utbygging av Henjaelvi og Grindselvi til kraftproduksjon etter alt. A.

Frårådinga er grunna med:

- Tap av store område urørt natur i fjellområda
- Manglande vurdering av klimaeffektar
- Tap av laks og sjøaure i Henjaelvi pga svært låg restvassføring.
- Sterkt endra sentrums karakter i Hermansverk.
- Tap av kvalitetar som turområde i begge dalføra.
- Manglande sikkerheit for fullgod drikkevassforsyning.
- For lite verdiskaping blir igjen lokalt.

Vedtak:

Tilrådinga vart vedteken med 10 mot 6 røyster

VEDTAKET lyder etter dette slik, 11 mot 5 røyster.:

1:

Leikanger kommunestyre vil tilrå at Sognekraft AS får konsesjon for utbygging av Henjaelvi og Grindselvi til kraftproduksjon etter alt. A.

2:

Kommunestyret vedtek vedlagde framlegg til "Utbyggingsavtale mellom Sognekraft AS og Leikanger kommune" datert .../... 2009.

3:

Kommunestyret vedtek at det må setjast følgjande vilkår for konsesjonen:

a

Det er eit klårt og ufråvikeleg vilkår at Leikanger kommune har ei godkjent og trygg drikeveassforsyning både før anleggsstart, under anleggsperioden og etter at utbygginga er ferdig. Utbygger må bera alle kostnader med planlegging og utbygging av ny drikkevasskjelde samt bygging av leidningsnett ned til eksisterande reinseanlegg. Utbygger må og ta driftskostnadene med eventuelle ekstra reinsetiltak som fylgje av utbygginga.

Det skal utgreiast 3 alternative vassforsynings-kjelder, 1) djupvassinntak i Trastadalsvatnet, 2) vassinntak på kote 600 frå elvane Trastadøla, Friksdøla og Myrdøla og 3) grunnvassinntak ved eksisterande vassinntak på kote 130. Dei 3 alternativa skal utgreiast med omsyn til både naturinngrep, økonomi og sikker vassforsyning. Alle alternativa må dokumenterast som ei tilfredsstillande drikkevassløysing og skal leggas fram for Leikanger kommune og Mattilsynet og eventuelle andre offentlege instansar for fagleg godkjenning.

Alle dei alternative drikkevasskjeldene forutset både kvantitativt og kvantitativt nok og godt drikkevatt gjennom ein prøvetakingsperiode som skal godkjennast av mattilsynet. Oppstart av anleggsdrift/ utbygging kan ikkje skje før ei ny drikkevasskjelde er på plass. Eventuelle seinare endringar i kapasitet og/eller kvalitet på vatnet/grunnvatnet, vil Sognekraft AS vere ansvarleg for gjennomføring av alle nødvendige avbøtande tiltak i levetida til kraftverket.

Dersom utbygging av Leikanger kraftverk elles påverkar vasskvaliteten og ei sikker og tilfredsstillande drikkevassforsyning, pliktar Sognekraft AS å gjennomføra avbøtande tiltak i heile kraftverket si levetid.

b

Det må setjast krav til minimumsvassføring tilsvarande 5% persentilen i sommarhalvåret i Henjaelvi slik at ein sikrar utøving av fiske for ålmenta. Det må setjast opp målestasjonar som gjer det mogeleg for ålmenta å sikre at krava til minstevassføring vert etterlevd. Utbygger skal påleggast å setje utfisk i Henjaelva som avbøtande tiltak. Utbygger får også ansvaret for sikring av fiskebestanden i Trastadalsvatnet.

c.

Det må setjast krav om bygging av tersklar i Henjaelvi på dei flate partia ved Fivelhola/Flya og andre delar av elva der terrenget gjev effekt av tiltaket samt gjerast avbøtande tiltak i den nedre delen for å sikre eit størst mogeleg vasspegel gjennom sentrum. Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune. Sognekraft har ansvar for årleg ettersyn og vedlikehald av dei ulike avbøtande tiltaka som blir gjennomført

d.

Utbetring av eksisterande og bygging av nye vegar må skje så skånsomt som mogleg og med moderate masseflyttingar. Sårskader i terrenget skal reparerast. Vegane skal vera opne for ålmenta etter at utbygginga er ferdig så langt det ikkje er fastlagt særskilte klausuleringar som stenger for almen ferdsel. Vegane skal ikkje asfalterast. Sognekraft har ansvar for naudsynt vedlikehald av vegane.

e.

Kommunen går imot bygging av ny anleggsveg frå krysset til tippet i Henjadalen og opp til inntaka i Slettabotn og Traståna, då denne vegen ikkje er naudsynt for kraftutbygginga.

f.

Det må gjerast støydempende tiltak ved tunnelpåhogget ved Suppam i anleggsperioden.

g.

Det må setjast særlege krav til plassering av tippmassane og arrondering av desse etter utbygging. Massedeponia i Henjadalen og Grindsdalen må såast til og bli liggande urørde i framtida. Planar for desse tiltaka skal godkjennast av Leikanger kommune.

21/09

Søknad om oppreisning

HANDSAMING:

VEDTAKET lyder slik,samr.:

Leikanger kommune vedtek å yta slik oppreisning:

Søkj A kr. 250.000,-

Søkj B kr. 250.000,-

Den samla utbetalinga på kr. 500.000,- vert dekkja ved innsparde midlar på ansvar 12233.

22/09

Gjennomgang av tenesteproduksjonen i Leikanger kommune

HANDSAMING:

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek:

- Kommunestyret vedtek framlegget til organisering av OU-prosjekt 2009, fase 2
- Det blir sett ei tidsramme på 2 år for gjennomføringa av prosjektet fram til 1 november 2011.
- Styringsgruppa får stilt til disposisjon ei økonomisk ramme på inntil kr 300.000,- til gjennomføringa av prosjektet. Summen blir dekt ved bruk av disposisjonsfond. Det skal søkjast om eksterne midlar/tilskot.
- Overordna mål om at omstillingsarbeidet skal redusere utgiftene/auke inntektene i drifta med 10 mill kr.
Styringsgruppa skal fremje tiltak på aktuelle omstillingar som har verknad med 60%, dvs 6 mill kr, med verkand frå 1.1.2010.
Styringsgruppa gjev nærare føringar på korleis omstillingskravet skal fordelast på ulike tenesteområde
- Kommunestyret føreset at det blir lagt inn eit budsjett- og omstillingsseminar for kommunestyret som del av møteplanen i okt/nov 2009.
- Framlegget til framdriftsplan.

23/09

Årsmelding kontrollutvalet 2008

HANDSAMING:

VEDTAKET lyder slik,samr.:

Saka vart samrøystes utsett til neste møte.

24/09

Rekneskapen - 2008

HANDSAMING:

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Saman med revisjonen og kontrollutvalet sine merknader, godkjenner Leikanger kommunestyre framlagd rekneskap for Leikanger kommune som årsrekneskapen for 2008.

25/09

Årsmelding 2008 for Leikanger kommune

HANDSAMING:

VEDTAKET lyder slik,samr.:

Leikanger kommunestyre tek framlagd årsmelding for 2008 til vitande